



Etnedal kommune
Minst og best



**Planprogram for
revidering av
kommunedelplan for naturmangfold**

2027-2037

INNHALD

1. Innleiing	2
1.1 Bakgrunn	2
1.2 Kva er eit planprogram	2
1.3 PLANTYPE	2
2. Formål med planarbeidet	2
2.1 Hovudmål	2
2.2 Delmål	2
3. Rammer og føringar	3
4. Planområde og avgrensing	3
5. Kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov	3
5.1 Eksisterande kunnskap	3
5.2 Oppdatering og ny kartlegging	3
5.3 Prioriterte tema	4
6. Samspel med arealplanlegging og planvask	4
7. Særlege satsingar	4
7.1 Samordning med arealdelen	4
7.2 Formidling og oppfølging	4
8. Planprosess	5
8.1 Organisering	5
8.2 Medverknad	5
9. Framdrift	5
10. Økonomi og ressursbruk	5
11. Resultat av planarbeidet	6

1. INNLEIING

1.1 BAKGRUNN

Naturen er grunnlaget for livskvalitet, verdiskaping, helse og trivsel i Etnedal kommune. Samstundes er naturmangfaldet under aukande press, særleg som følgje av arealendringar og gradvis nedbygging av natur. Kommunen har ei sentral rolle i å forvalte areala på ein måte som tek vare på naturverdiane for framtidige generasjonar, dette gjeld også endra bruk, til dømes kulturlandskap der skjøtsel opphøyrer.

Etnedal kommune vedtok kommunedelplan for naturmangfald i 2019. Det er no behov for å revidere planen for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget, styrke koplinga til arealplanlegginga og sikre betre grunnlag for forvaltning av naturmangfald i kommunen.

Revisjonen gjennomførast i størst mogleg grad parallelt med revisjon av kommuneplanens arealdel.

1.2 KVA ER EIT PLANPROGRAM

Planprogrammet er eit styringsdokument for planarbeidet. Det skal gjere greie for formålet med planarbeidet, kva tema som skal utgreiast, korleis arbeidet skal gjennomførast og korleis medverknad skal sikrast. Planprogrammet er heimla i plan- og bygningslova § 4-1.

1.3 PLANTYPE

Kommunedelplan for naturmangfald blir utarbeida som ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova.

2. FORMÅL MED PLANARBEIDET

2.1 HOVUDMÅL

Kommunedelplan for naturmangfald skal:

- gi eit oppdatert og samla kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet i kommunen
 - vere eit operativt verktøy i arealforvaltninga
 - danne grunnlag for vurdering av eksisterande og nye arealformål
 - bidra til langsiktig og berekraftig forvaltning av naturverdiane og -ressursane
-

2.2 DELMÅL

Planen skal:

- samle, kvalitetssikre og systematisere eksisterande kunnskap
- identifisere viktige naturverdiar og sårbare område
- avdekke kunnskapshol og behov for ny kartlegging
- utvikle grunnlag for vurdering av arealbruk i planprosessar
- auke kunnskap og medvit om naturmangfald i kommunen

3. RAMMER OG FØRINGAR

Planarbeidet byggjer på føringar på fleire nivå:

- plan- og bygningslova
- naturmangfaldlova
- nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- kommuneplanens samfunnsdel
- kommunal planstrategi

Planen skal vere eit kunnskapsgrunnlag for kommuneplanens arealdel og andre planprosessar i kommunen.

4. PLANOMRÅDE OG AVGRENSING

Planen omfattar heile Etnedal kommune.

Kommunedelplanen blir utarbeidd som ein tematisk plan og vil innehalde:

- ein kunnskapsdel
- ein handlingsdel med aktuelle tiltak

5. KUNNSKAPSGRUNNLAG OG UTGREIINGSBEHOV

5.1 EKSISTERANDE KUNNSKAP

Planen skal byggje på eksisterande kunnskap frå mellom anna:

- Naturbase
- Artskart og Artsdatabanken
- NIBIO, NGU og andre nasjonale databasar
- Tidlegare naturkartlegging
- Regionale og kommunale planar
- Lokalkunnskap

5.2 OPPDATERING OG NY KARTLEGGING

Alt relevant datagrunnlag skal gjennomgåast, vurderast og systematiserast, og der det er behov for å oppdatere og supplere eksisterande kunnskap vil det:

- gjennomførast kvalitetssikring av eksisterande data
- prioriterast ny kartlegging i område med mangelfull kunnskap
- leggjast særleg vekt på område med utbyggingspress

Tilgjengelege midlar vil i hovudsak bli nytta til kunnskapsinnhenting og kartlegging.

5.3 PRIORITERTE TEMA

Det blir lagt særleg vekt på å oppdatere plandokumentet på følgjande område:

- naturtypar etter NiN-systemet
- vassdrag og myr
- artar, særleg raudlisteartar og framande og svartelista artar
- oppdatering av sensitive artsdata
- funksjonsområde som tiurleikar
- livsmiljø, økologiske samanhengar og grønne strukturar
- økologisk funksjon til kantsoner langs vassdrag
- vurdering av planområde og arealbruk

6. SAMSPEL MED AREALPLANLEGGING OG PLANVASK

Kommunedelplan for naturmangfald skal vere eit sentralt kunnskapsgrunnlag i revisjon av kommuneplanens arealdel.

Som del av arealplanarbeidet skal kommunen gjennomføre ein gjennomgang av eksisterande reguleringsplanar og arealformål. Naturmangfaldplanen brukast som verktøy i vurderinga av om desse er i konflikt med viktige naturverdiar.

Planen skal bidra til å utvikle enkle og etterprøvbare kriterium for vurdering av naturverdiar i arealplanlegging.

7. SÆRLEGE SATSINGAR

7.1 SAMORDNING MED AREALDELEN

Planarbeidet skal i hovudsak gå parallelt med revisjon av kommuneplanens arealdel. Resultat frå naturmangfaldplanen er tenkt nytta direkte i arealplanlegginga.

7.2 FORMIDLING OG OPPFØLGING

Det skal leggjast vekt på god formidling av kunnskap om naturmangfald. Det skal vurderast å utarbeide:

- ein forenkla og lett søkbar publikumsversjon av planen
- digital visualisering av kunnskapsgrunlaget

Handlingsdelen skal peike ut prioriterte tiltak, ansvar og tidsrammer for oppfølging av planen.

8. PLANPROSESS

8.1 ORGANISERING

Kommunedelplanen blir utarbeidd av administrasjonen. Kommunestyret er øvste planmyndigheit.

8.2 MEDVERKNAD

Det skal leggjast til rette for brei medverknad i planarbeidet. Følgjande grupper vil bli inviterte til å komme med innspel til planinnhald og tiltak:

- grunneigarar
- lag og organisasjonar
- næringsliv
- offentlege myndigheiter
- innbyggjarar

Medverknad vil skje primært gjennom høyringar og digitale innspelsløysingar.

9. FRAMDRIFT

Planarbeidet er planlagt gjennomført etter følgjande framdrift:

- oppstart og planprogram: våren 2026
- høyring av planprogram: våren/sommaren 2026
- fastsetting av planprogram: sommaren 2026
- kunnskapsinnhenting og utgreiingar: 2026–2027
- utarbeiding av planforslag: 2027
- høyring av planforslag: hausten 2027
- endeleg vedtak: innan utgangen av 2027

10. ØKONOMI OG RESSURSBRUK

Etnedal kommune har fått tildelt midlar til arbeidet med revisjon av planen.

Midlane vil bli nytta til:

- kartlegging og kunnskapsinnhenting
- konsulentbistand
- analyse, samanstilling og framstilling av data

Planarbeidet vil elles bli gjennomført som del av kommunen sin eigen aktivitet.

11. RESULTAT AV PLANARBEIDET

Planarbeidet skal resultere i:

- eit oppdatert kunnskapsgrunnlag
- oversikt over viktige naturverdiar og sårbare område
- betre grunnlag for vurdering av arealbruk og generell sakshandsaming
- ein handlingsdel med prioriterte tiltak og oppfølging

Planen skal vere eit praktisk og styrande verktøy for kommunen si vidare forvaltning av naturmangfald.

Høringsdokument